



Kviteseid kommune
Sektor for oppvekst og omsorg

Kunnskapsdepartementet

postmottak@kd.dep.no

Dykkar Vår ref: Saksh:
2007/1400-
9

Arkivkode: Dato:
A00 22.12.2008

Høyring om opplæringslov 04.11.08

Eg viser til brev datert 04.11.08 ang. høyring om endringar i Opplæringslova.

Skulefagleg ansvarlege for Vest-Telemarkkommunane Fyresdal, Kviteseid, Nissedal, Seljord, Tokke og Vinje har drøfta elementa i endringsforslaga. Vi var samde om å slutte oss til Seljord kommune si uttale, som vart handsama i formannskapet der 18.12.2008.

Vi vil leggje vekt på desse punkta:

A. § 2-2a. Plikt til forsterka opplæring i norsk/samisk og matematikk på 1. – 4. årstrinn.

Kommunane stør framlegget, og vektlegg særleg at det skal vere tilpassa opplæring etter oppl.l. §1-3, og ikkje spesialundervisning etter § 5-1.

Ei statleg fullfinansiering er ein føresetnad.

B. § 8-2 Organisering av elevane i klasser/basisgrupper og kontaktlærerordninga.

Å høyre til i ei gruppe er sentralt for elevane i grunnskulen, samstundes som kvar einskild elev har behov for den sosialpedagogiske oppfølginga ein kontaktlærer kan gje. Denne læraren sitt ansvar for kontakten med heimen er viktig. Kommunane er difor positive til endringsforslaga i lovverket på dette punktet, og vil særleg framheve at det framleis vil vere mogleg med fleksibilitet i organiseringa.

C. § 13-10 Utarbeiding av årleg tilstandsrapport.

Kommunane i Vest-Telemark meiner det er positivt med ein lovheimel om ein årleg tilstandsrapport om læringsresultat og læringsmiljø. I tråd med Seljord kommune si uttale, meiner vi at ei politisk oppfølging bør vere ein føresetnad.

D. § 13-3d Plikt til foreldresamarbeid i grunnskule og vidaregåande opplæring.

Dette punktet vektlegg kommunen og fylkeskommunen sitt ansvar for skuleheimsamarbeidet. Kommunane stør framlegg til endring i lov på dette punktet, og ser positivt på ei vitalisering av eit meningsfullt samarbeid innan vidaregåande opplæring.

E. § 2-3. Rett og plikt til fysisk aktivitet i grunnopplæringa.

Dette lovframlegget kan synest å vere eit element fram mot heildagsskule. Framlegget reiser ein del problemstillingar, etter som det ikkje er knytt til kroppsøvningsfaget, og manglar kompetansemål. Dette gjer det til ein aktivitet utan mål og innhald.

Vest-Telemarkkommunane er også kritiske til at utvidinga er på 2 timar/veke. I mange av kommunane er organiseringa basert på heile skuledagar, på bakgrunn av at fylkeskommunen ikkje dekkjer s.k. "midtskyss". For å få til skysskabaln mellom skulane i regionen er det ikkje rom for å utvide dagane med 2/5 time pr. dag.

Med helsing

(Signatur)

Sektorleiar for skule og barnehage

Kopi til:

Fyresdal kommune

3870 FYRESDAL

Nissedal kommune

3855 TREUNGEN

Seljord kommune

3840 SELJORD

Tokke kommune

3880 DALEN

Vinje kommune

3890 VINJE

Hans Bakke

Torstein E. Tveito